



Robert Neverdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6001 - 14/17897

Saksbehandlar:

Tor Hegle

Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:

07.08.2014

Svar på førespurnad om "Den forsvunne Kjerrevegen" Midtgård/Leknes.

Det vert vist til din førespurnad i epost av 01.06.14.

Eposten viser til tidlegare korrespondanse og ber om utfyllande svar.

Spørsmåla var:

1. Er Lindås kommune sitt vedtak om å godkjenne den delen av vann og avløpstraseen som ligger på nedsida av Leknesvegen lovlig og gyldig?
2. Har Lindås kommune, når de etter mer en tre år ikke har fått Entreprenør/grunneier til å ordne opp i punkt D-E-F-H i tilsynsrapporten fra februar 2011, noe ansvar for selv å ordna opp i disse forhold? Eller er det fritt frem for ny grunneier til å regulere og bygge/benytt seg av de ulovlige tiltakene som er gjort?

Kort om byggesaka.

Søknad om ramme- og igangsettingsløyve for VA-anlegg kom inn til kommunen 11.12.09. Rammeløyve til VA-anlegget vart gitt 15.01.10. Igangsettingsløyve vart gitt 14.06.10.

Naboen som ikkje vart varsla, er kjent med hendingane på staden. Dette kjem fram gjennom ytring på epost den 28.10.10., men det er ikkje lagt fram merknader eller klage på byggesaksvedtaket på dette tidspunktet.

Byggetiltaket er eit VA-leidningsanlegg for eit større bustadfelt. Tiltaket ligg i sitt vesen under bakkenivå. Leidningsanlegget er lagt igjennom eit område som i (den gamle) kommuneplanen var sett av til bustadføremål.

Er vedtaket gyldig?

Vedtaket datert 15.01.2010 er eit vedtak som er godkjent og gjeve i medhald av plan- og bygningslova. Vedtaket er ikkje påklaga, og har såleis rettverknad.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Tilbakemelding vedkommande pkt.2., om oppfølging av tilsynsrapporten.

Kort om tilsynsrapporten.

Tilsynsrapporten av 10.02.11, avdekker ulike sider ved VA-anleggsarbeidet på Gbnr 196/4.

Som opplyst tidlegare har kommunen beden advokatfirmaet Thommessen om bistand for å følge opp tilsynet.

Vi kan ikkje sjå at kommunen har ansvar for å ordne opp i eventuelt skadeverk som er gjort på annan manns eigedom. Dette er eit privatrettsleg forhold.

Vi vil likevel påpeike at advokaten retta førespurnad til grunneigar/utbygger om å hjelpe til med å rydda opp i skadeverket etter graveentreprenøren. Grunneigar har rydda opp i nokre av forholda gjennom sin advokat.

Når det gjeld dei offentleg-rettslege sidene, har kommunen lagt fram ein tilsynsrapport. Det som er avdekket av ulovleg byggearbeid gjennom tilsynsrapporten, er førebels ikkje følgt opp frå byggesakskontoret. Manglande oppfølging skuldast manglande kapasitet på byggesakskontoret.

Korleis grunneigar vidare ynskjer å vidareutvikle sin eigedom gjennom regulering er det grunneigar sjølv som må svare for.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

'oddbjørn angelskår'

Mottakarar:
Robert Neverdal